


Kommunal- og regionaldepartementet  
Postboks 8112 Dep

0032 OSLO



Dykkar ref.

Vår ref.  
BMB/05/00095-004Arkivkode  
000 &13Dato  
20.01.05**MELDING OM POLITISK VEDTAK -  
LIVSKRAFTIGE DISTRIKTER OG REGIONER - NOU 2004: 19 -  
UTTALE FRÅ SURNADAL KOMMUNE**

Surnadal formannskap behandla livskraftige distrikter og regioner i møte 12.01.05, sak 0001/05 der dei fatta følgjande vedtak til uttale:

*Surnadal kommune vil kome med følgjande uttale i samband med dei tema som det er sett frist til 14 januar 2005 og uttale seg. Der ikkje anna er nemnt er vi einige i heile distriktskommisjonen eller fleirtalet si innstilling. Dei punkta som vi meiner er ekstra viktige har vi lista opp nedanfor; det same gjeld eit punkt der vi er einige i mindretallet si anbefaling.*

**"7.4.3 Anbefalinger for økt verdiskaping i viktige distriktsnæringar"**

*Surnadal kommune er einige i dei tilrådingar ditriktskommisjonen eller fleirtalet i kommisjonen gir for å auke verdiskapinga i viktige distriktsnæringar. Vi ønsker å presisere at det er svært viktig at lover og regler blir tilpassa slik ar det blir enklare å starte opp å foredle og omsette lokale råvarer. Vidare at ein sikrer at norsk landbruk blir i stand til å ivareta viktige samfunns mål som matvaresikkerheit, bosetting og kulutrlandskap.*

*Innafor reiseliv vil vi poengtere at det er viktig at det blir stimulert til aktivitetsbasert turisme, der matkultur og naturopplevingar med lokalt tilsnitt utgjør basis og at det blir lagt til rette for eit tettare samarbeide mellom landbruket og reiselivsnæringa.*

*Elles vil vi presisere betydninga av at inntektene frå kraftproduksjon også i framtida må komme det lokale og regionale nivået til gode.*

*Gassinfrastruktur for bruk av gass i Norge bør utbyggast uavhengig av reine økonomiske kost - nytte - berekningar.*

*Tilgangen på risikokapital til tenesteytande næringar bør aukast.*

*Når det gjeld lokalisering av offentleg verksemd, vil vi som fleirtalet i kommisjonen poengtere betydninga av at også byar og tettstader utanfor regionsentra bør vere aktuelle for slik lokalisering.*

#### **"7.4.4 "Anbefalinger med sikte på økt innovasjon og nyskaping"**

*Surnadal kommune er enige i fleirtalet si innstilling om at grensa på kr 200 000 for når offentlege innkjøp må ut på anbod må aukast til minst kr 500 000. Kommunen er derimot enige med mindretalet når det gjeld å styrke verkemidler som når kvinner. Vidare er vi enige i kommisjonen sine tilrådingar om at såkornfond bør etablerast på nasjonalt og regionalt nivå.*

#### **"7.4.5 Anbefalinger vedrørende utvikling av attraktive og livskraftige samfunn"**

*Det er viktig at staten sørger for at det er samsvar mellom oppgaver kommunane blir pålagt og dei økonomiske ressursane som blir gjort tilgjengeleg. Kommunane bør som fleirtalet tilrår bli sikra forhandlingsrett med staten om utvikling og iverksetting av nye oppgaver som blir pålagt kommunane.*

#### **"7.4.6 Anbefalinger vedrørende samferdsel og annen infrastruktur"**

*Det er svært viktig å fjerne flaskehalsar, som for eksempel hindrar utviklinga av ABS-regionar og transport mellom produksjon og marknad. Det er og svært viktig at det blir oppretthalde eit likeverdig nivå på posttenestene over heile landet.*

#### **"7.4.7 Anbefalinger vedrørende geografisk differensiering av verkemidler"**

*Surnadal kommune er enige i fleirtalet om at den differensierte arbeidsgiveravgifta bør i så så stor grad som mogleg oppretthaldast og gjeninnførast.*

#### **"7.4.8 Økonomiske og administrative konsekvenser"**

*Surnadal kommune er enige i mindretalet på 5 i kommisjonen når det gjeld strekpunkt to, om at rammene for den smale distriktpolitikken bør aukast og at distrikts- og regionalpolitiske må bli gjeve økonomisk oppfølging i sektorpolitikken.*

Dette til orientering.

Med helsing

Råg Ranæs  
fung. kommunalsjef

Brit Marie Blekken  
sekretær

Vedlegg: Samlet saksframlegg F sak 0001/05